



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
40/21	Formannskapet	16.03.2021

Rovdefjordsambandet - Planprogram datert 26.02.01 - høyring

Samandrag:

Etter godkjent kommunedelplan for Rovdefjordsambandet i 2016 har prosjektet vore gjennom ein KS1 analyse i 2017, som konkludera med at prosjektet ikkje vil vere sjølvfinansierande eller samfunnsøkonomisk lønnsam. Det er derfor eit behov for å finne alternative krysningsløyser som har en lågare kostnad.

Rovdefjordsambandet AS har hyra konsulentfirma Dr. Techn. Olav Olsen AS å lage eit revidert planprogram for Rovdefjordsambandet for optimalisere bruløysingane og utføre konsekvensutredning.

Planprogrammet for Rovdefjordsambandet datert 26.02.21 er ferdig å føreslåast å leggast ut til offentleg høyring i 6 veker.

Formannskapet 16.03.2021:

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

FO- 40/21 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og 4-2 vert planprogram for Rovdefjordsambandet datert 26.02.2021 lagt ut til offentleg høyring i 6 veker.

Rådmannen si tilråding:

I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og 4-2 vert planprogram for Rovdefjordsambandet datert 26.02.2021 lagt ut til offentleg høyring i 6 veker.

Vedlegg:

Rovdefjordsambandet - Revidert planprogram 26.02.21

Saksopplysningar:

Plan- og utgreiingsarbeidet i samband med Rovdefjordkryssing har vore organisert og leia av Rovdefjordsambandet AS.

Tidlegare milepælar / handsamingar av kommunedelplan Rovdefjordsambandet:

Utvalsak	Utval	Emne	Dato
25/2013	Formannskapet	Planprogram lagd ut på høyring	26.02.2013.
34/2013	Formannskapet	Planprogram vedteke	18.06.2013.
45/2014	Formannskapet	Kommunedelplan 1. gongs høyring	29.04.2014
46/2015	Formannskapet	Kommunedelplan 2. gongs høyring	17.03.2015
113/2015	Formannskapet	Kommunedelplan godkjenning	02.09.2015.
56/2015	Kommunestyret	Kommunedelplan godkjenning	08.09.2015.
139/2015	Formannskapet	Kommunedelplan 3. gongs høyring	03.11.2015
15/2016	Kommunestyret	Kommunedelplan godkjenning	02.02.2016

Kommunedelplanen med alternativ A2a som vegtrase ble vedteke i begge kommunane etter 3. gangs høyring. 2. februar 2016 i Vanylven kommune (sak 15/2016) og 29. januar 2016 i Sande kommune (sak K-11/16).

Etter godkjent kommunedelplan for Rovdefjordsambandet i 2016 har prosjektet vore gjennom ein KS1 analyse i 2017, som konkludera med at prosjektet ikkje vil vere sjølvfinansierande eller samfunnsøkonomisk lønnsamt. Noko som har vore ein grunnleggande føresetnad for prosjektet.

Vurdering og konklusjon:

KS1 er ei kvalitetssikring av ei konseptutredning som gjennomførast før Staten tek ei slutning om eit prosjekt. Kommunedelplan for Rovdefjordsambandet i 2016 var gjennom ei slik analyse i 2017. Her konkludera ein med at prosjektet ikkje er samfunnsøkonomisk lønnsamt. Av den grunn er det eit behov for å finne alternative krysningsløyser som har ein lågare kostnad.

Konsulentfirma Dr. Techn. Olav Olsen AS er vorte hyra av Rovdefjordsambandet AS å lage eit planprogram. Revidert planprogram er ei vidareutvikling av forprosjektet som har som målsetting om å optimalisere bruløysninga innanfor følgjande område:

- Vurdere alternative løysningar for ilandføring i nord, herunder rørbru utan spiral på
- Saudeholmen, låg flytebru med ulike løysningar for skipspassasje og høgbru med 45 meters seglingshøgde inn til Storeneset.

- Endre linjeføring og kombinere bru/fylling inn frå Bjørlykkeskjæret for å redusere ein stor og kostbar sjøfylling.
- Vurdere vegløysning/avkjøring til Åram ved Bjørlykkja
- Optimalisere stålmennda i flytebrua som følgje av utvikling i teknologi og analysemetodikk som har vore sida forprosjektet.

Planprogrammet skal avklare premissar, og klargjere hensikta med planarbeidet. Det skal vidare gjevast ei beskriving av innhaldet i planen og omfanget av planarbeidet. Omfanget av planarbeidet er ei beskriving av alternative problemstillingar som vil vert belyst, og utredningar som ansjåast naudsynte for å gje eit samla bilde av tiltaket sin konsekvens for miljø, naturressursar og samfunn. Planprogrammet skal leggas ut til offentleg ettersyn og høring i minimum 6 veke. Etter dette fastsettast planprogrammet politisk av Vanylven og Sande kommune. Komplettering av konsekvensutredninga startar opp formelt etter fastsetting av planprogrammet. Forslag til endring av kommunedelplan vert handsama å leggast deretter ut på ny høring. Vedteken kommuneplan ser konsulent føre seg kan skje tidlegast i november/desember 2021.

Det føreligger 4 ulike løysingsforslag. Felles for alle forslaga er: Flytebru med lengde cirka 1500 meter frå Koparnes over Bjørlykkeskjæret til Saudeholmen. Cirka 230 meter flytande rørbru mellom Saudeholmen og Storeneset. Segledjupne 14 meter.


Dei fire alternativa er ulike på strekninga frå Storeneset og mot fylkesvei 61 på Sande-sida slik det går fram under:

Løysingsforslag A1a: Kulvert nordvest gjennom Storeneset, tunnelåpning, dagsone og rundkjøring ved Brevik kalkverk før oppkobling mot fylkesvei 61 ved Djuvika.

Løysingsforslag A1b: Kulvert nordvest gjennom Storeneset og Brevik kalkverk, stigning mot tunnelåpning ved Djuvika.

Løysingsforslag A2a: Kulvert nordaust gjennom Storeneset, under Storebåtvika og Leitevika før åpning og oppkobling mot fylkesvei 61 i rundkjøring mellom gardane Leitet og Årvika.

Løysingsforslag A2b: Kulvert nordaust gjennom Storeneset, under Storebåtvika, i bue under garden Leitet vestover mot tunnelåpning og rundkjøring mot fylkesvei 61 rett nord for dagbrotet.



På bakgrunn av omfattende arbeid med løysningsforslag, konsekvensutredningar og planfaglige tema er det konkludert frå konsulent at alternativ A1a og A1b for nytt Rovdefjordsamband gjev best måloppnåing på formelle utredningstema av prissette og ikkje-prissette konsekvensar i samsvar med Statens vegvesens håndbok V712. Samstundes viser innspel til planprosessen at alternativ A2a og A2b i større grad samanfalle med interessene til det lokale næringsliv; både ved kalkverket og i utvikling av framtidige nærings- og industriområder.

Konsulent har ved nærmare gjennomgang av prosjektet konkludert med at prosjektet går vidare til detaljreguleringsplan uavhengig av kva alternativ som veljast til sluttvedtak. Det overlatast derfor til politikerne i Vanylven og Sande å beslutte hvilke hensyn som skal veie tyngst i val av trasé/traseer.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Frode Vik
kst. rådmann

Helge Kleppe
kommunalsjef